

# Styresak

---

Går til: Styremedlemer  
Selskap: Helse Bergen HF  
Styremøte: 21.04.2008  
Styresak nr.: 35/08 B  
Dato skrevet: 10.04.2008  
Saksbehandlar: Geir Brügger/Jon Rune Smørdal

**Saka gjeld: Forslag til landsverneplan for spesialisthelsetenesta - Høyring**

---

## Bakgrunn

Vi viser til brev datert 19. februar 2008 frå Det kongelige helse- og omsorgsdepartement, som er vedlagt saka.

Med Kongeleg resolusjon av 1. september 2006 blei det mellom anna sett eit krav om at det skal lagast sektorvise landsverneplanar for statlege kulturhistoriske eigedomar. Forsvarsbygg har vore saksbehandlar for landsverneplan for spesialisthelsetenesta. Dei har no gitt si innstilling på kva for bygg og anlegg dei meiner skal vere inkludert i planen.

Landsverneplanen omfattar bygningar og anlegg i to verneklassar:

Verneklasse 1: freding etter kulturminnelova § 22a

Verneklasse 2: Vern i kraft av landsverneplanen, evt. ved at eigedomane vert regulert til spesialområde med formål bevaring etter plan og bygningslova § 25.6.

For fleirtalet av bygningane er det eksteriøret som blir omfatta av vern.

**Eksteriørvern** omfattar ”bygningens ytre”. Det vil seie bevaring av utforming, materialbruk og detaljar i fasade og takflate.

I dei bygningane som omfattar **interiørvern**, er det i hovudsak mindre delar av interiøret som er foreslått bevart. Eksempelvis eit auditorium i Sentralblokka på HUS.

I følgje brev datert 19. februar 2008 er hovudprinsippet for forvaltning av verneverdige bygningar å ivareta og oppretthalde så mykje som mogleg av opphavleg utforming, materialbruk og detaljar.

Kvart enkelt bygg og anlegg i føretaket, som er foreslått verna, er omtalt og kommentert i denne saka.

Høyringsfrist er sett til 22. mai 2008.

## ”Høyringsfråsegn”

Helse Bergen er opptatt av å forvalte sine bygg på best mogleg måte innanfor knappe økonomiske rammer. Vi har lagt vekt på å bevare bygga sine hovuduttrykk på eksteriør, så langt dette lar seg gjere, utan at det går ut over effektiv og sikker sjukehusdrift. Heile 21 bygg i Helse Bergen er tatt med i landsverneplanen. Dette viser at vi sjølv har klart å forvalte bygga på ein slik måte at hovuduttrykka til bygga ikkje har gått tapt, men vi har eit stort etterslep på vedlikehald og nødvendige oppgraderingar av bygningsmassen inkl. tekniske anlegg. Forvaltning av bygga som kjem inn under landsverneplanen meiner vi fører til auka resursbruk. Vi må leige inn eksterne rådgjevarar som kan utarbeide ei meir detaljert forvaltningsplan for kvart bygg. Dette vil koste oss fleire 100.000 kroner og dette er midlar vi i dag ikkje har. Vi fryktar og at vedlikehald og rehabilitering blir dyrare på grunn av pålegg Riksantikvaren gjev oss når det gjeld materialval og løysingar. I tillegg vil det gå med meir tid og ressursar til å melde inn tiltak til Riksantikvaren og inngå ein dialog for å få godkjent tiltaka. Blir ikkje Helse Bergen tilført meir resursar til forvaltning av landverneplanen og konkrete rehabiliteringstiltak, vil dette gå ut over andre prioriterte og lovpålagte oppgåver. Vi ber om at det blir sett av ekstraordinære midlar som vil dekkje ekstra utgifter vi får som følgje av landsverneplanen.

På grunn av tronge økonomiske rammer har føretaket i dag interne retningslinjer for å nytte mest mogleg vedlikehaldsfrie og reinhaldsvennlege materiale og komponentar i sine bygg. Dette inneber blant anna at vi vel vindauge i plast eller aluminium så langt dette lar seg gjere. Det er viktig at landsverneplanen ikkje hindrar oss i å fortsette med dette, så lenge vi opprettheld uttrykket bygningane har i dag. Driftsforma i dag fører til at det ikkje blir utført anna vedlikehald på vindauga enn vask/reingjering og ettersyn av hengslar og beslag. Når vi ikkje har midlar til å få utført anna vedlikehald, vil vindauge i plast eller aluminium ha vesentleg lengre levetid enn malte trevindauge. Av omsyn til reinhold ynskjer vi store glasfelt i staden for småruta glas.

Vi vil nedanfor forklare litt av bakgrunnen for at Helse Bergen må nytte mest mogleg vedlikehaldsfrie og reinhaldsvennleg material og komponentar, med lang levetid, i våre bygg.

Rundt år 2000-2002 vart det utarbeida tilstandsrapportar for dei fleste bygga i Helse Bergen, med hovudvekt på tilstanden på yttertak og ytterveggar. Rapportane viser at Helse Bergen har eit stort etterslep på utvendig vedlikehald og rehabilitering av bygningsmassen.

Det er også eit stort etterslep på innvendig vedlikehald, branntryggleikstiltak og vedlikehald og oppgradering av tekniske anlegg. I fleire bygg og anlegg har vi vanskar med å tilfredsstille forskrifter og lover og oppfylle dei krava kliniske avdelingar har til operative bygg. Helse Bergen må i åra som kjem mellom anna prioritere ei rekkje tiltak for å tilfredsstille aukande krav til branntryggleik.

I år 2002/2003 blei det kalkulert med at Helse Bergen hadde eit etterslep på vedlikehald på bygg og tekniske anlegg på kr. 1,5 mrd. Etter dette har vi gjennomført ein del utbetringar, men nye behov kjem til, så etterslepet er like stort i dag.

Med utgangspunkt i dei økonomiske rammene vi er tildelt til vedlikehald og oppgraderingar, er det ikkje mogleg å følgje dei vedlikehalds- og utskiftingsintervalla som er anbefalt på til

dømes ytterveggar, yttertak og tekniske anlegg. Helse Bergen har mange bygg med pussa og malt fasade som burde vore reparert og overflatebehandla kvart 8-10 år. I realiteten har vi i beste fall moglegheit til å behandle fasaden kvart 15-20 år. På grunn av at det går for lenge mellom kvar behandling eller utskifting av bygningsdelar får vi også lekkasjar som fører til at det også må gjerast dyre reparasjonar innandørs. Lekkasjar vil i tillegg kunne føre til at enkelte delar av bygg ikkje blir operative som følgje av dårleg innemiljø.

På grunn av innsparingstiltak i Helse Bergen dei siste åra har Teknisk avdeling måtte kutte ytterlegare i vedlikehaldsbudsjetta. Snur ikkje denne tendensen, samtidig som vi blir pålagt nye oppgåver og kostnader gjennom til dømes landsverneplanen, vil det medføre at bygningane sin verdi blir redusert. Årsaka til dette er at vi ikkje har midlar til heilt nødvendig vedlikehald og rehabilitering. Vi forkortar levetida og enkelte bygg eller deler av bygg blir ikkje operative. Det gir ikkje særleg meining i å bruke pengar på å utarbeide detaljerte forvaltingsplanar for bygg som er tatt med i landsverneplanen, dersom dette ikkje blir følgt opp med naudsynte midlar til rehabilitering og vedlikehald.

## Merknader til dei enkelte bygg og anlegg som er tatt med i planen

### Bygg på Haukeland Universitetssjukehus

Byggnr.	Byggnamn	Oppført	Verneklasse	Omfang
9901222	<b>310101 Gamle Hovedbygning</b>	1912	2, bevaring	Eksteriør
Merknad: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bevaring omfattar bygg som blei tatt i bruk i 1912 og tilbygg frå 1923 og 1924.</li> <li>- Vern omfattar ikkje tilbygg som er sett opp etter 1924, så vi går ut frå at planen ikkje er til hinder for å byggje det nye Nevrobygget i dette området. For å få plass til nytt nevrobygg må tilbygg i nordaustre hjørne rivast.</li> <li>- Delar av bygget har ein dårleg tilstand og i år 2008 – 2011 planlegg vi å skifte ut ein del vindaug, behandle delar av fasaden og gjere noko vedlikehald på yttertak. Dette er meldt inn som eige tiltak til Riksantikvaren 3. mars 2008. Viktig at vi får fortsetje å sette inn vindaug av vedlikehaldsfritt materiale.</li> </ul>				

Byggnr.	Byggnamn	Oppført	Verneklasse	Omfang
9901222	<b>310102 Administrasjonsbygget</b>	1912	2, bevaring	Eksteriør
Merknad: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Spesielt ytterveggar inkl. vindaug har ein svært dårleg tilstand. I år 2008 planlegg vi å skifte ut vindaug, behandle fasaden og gjere nokre utbetringar på yttertak. Dette er meldt inn som eige tiltak til Riksantikvaren 03.03.08. Viktig at vi får sette inn vindaug av vedlikehaldsfritt materiale med same uttrykk som eksisterande vindaug.</li> </ul>				

Byggnr.	Byggnamn	Oppført	Verneklasse	Omfang
9901225	<b>310104 Sentralkjøkken/kantine</b>	1966	1, freding	Eksteriør/deler av interiør
Merknad: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Interiør omfattar innvendig inngangsparti, trappehus, publikumstolett 2. etg. og inngangsparti i kantina. Vi må gjere merksam på at det kan bli behov for å få bygd ein H.C. rampe/inngang ut frå krav til universell utforming.</li> <li>- I planen som er sendt på høyring står det at delar av fasaden er kledd med nye fasadeplater våren 2007. Prosjektet vart i hovudsak fullført våren 2007.</li> </ul>				

Byggnr.	Byggnamn	Oppført	Verneklasse	Omfang
9901225	<b>310107 Kvinneklubben</b>	1925	2, bevaring	Eksteriør
Merknad: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vi gjer merksam på at det er sett opp eit lite tilbygg i 2007 på om lag 1500m<sup>2</sup> mot nordaust som eksteriørmessig er avslutta.</li> <li>- Delar av ytterveggar og yttertak på Kvinneklubben har ein dårleg tilstand. I åra som kjem planlegg vi å behandle fasaden, skifte ut vindauge og skifte ut store delar av yttertak. Planen er å få starta opp med ein liten etappe av prosjektet i 2008. Dette vil bli meldt inn til Riksantikvaren som eige tiltak. Viktig at vi får sette inn vindauge av vedlikehaldsfritt materiale med samme uttrykk som eksisterande vindauge.</li> </ul>				

Byggnr.	Byggnamn	Oppført	Verneklasse	Omfang
9901218	<b>310109 Overlegebolig KK</b>	1925	2, bevaring	Eksteriør/interiør i sin heilskap
Merknader: <ul style="list-style-type: none"> <li>- I 2001 blei murfasaden rehabilitert så den er tilfredsstillande. I vedlikehaldsplan er det sett opp at yttertak bør skiftast ut rundt 2010.</li> </ul>				

Byggnr.	Byggnamn	Oppført	Verneklasse	Omfang
9901219	<b>310110 Portnerbolig</b>	1924	2, bevaring	Eksteriør/ deler av interiør
Merknader <ul style="list-style-type: none"> <li>- Tilstanden på yttervegg er dårleg.</li> </ul>				

Byggnr.	Byggnamn	Oppført	Verneklasse	Omfang
9901227	<b>310111 Studentbygg (Gamle gade)</b>	1912	2, bevaring	Eksteriør
Merknad: <ul style="list-style-type: none"> <li>- UiB har ansvar for vedlikehald av dette bygget, men Helse Bergen eig formelt bygget.</li> </ul>				

Byggnr.	Byggnamn	Oppført	Verneklasse	Omfang
9901228	<b>310112 Polio-telematikkbygg</b>	1955	2, bevaring	Eksteriør og inngangsparti med veggmaleri
Merknader: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vindauge og dører vart skifta til vedlikehaldsfritt materiale rundt år1999.</li> <li>- Fasade vart behandla i 2003, så tilstanden på bygget er bra.</li> </ul>				

Byggnr.	Byggnamn	Oppført	Verneklasse	Omfang
9901232	<b>310117 Gamle Medisin B.</b>	1907-12	2, bevaring	Eksteriør
Merknader <ul style="list-style-type: none"> <li>- Fasaden blei overflatebehandla i 2003. Ein del vindauge og dører, samt delar av yttertak treng utbetrast/skiftast ut rundt år 2010.</li> </ul>				

Byggnr.	Byggnavn	Oppført	Verneklasse	Omfang
9901233	<b>310118 H-bygget</b>	1912	1, freding	Eksteriør/interiør i sin heilskap
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Bygningen er foreslått freda, noko vi ikkje er usamd i, men omsyn til føretaket si arealutvikling vil dette krevje at bygningen vert flytta til ein annan stad. Kostnader til ein slik flytteoperasjon kan bli høge.</li> <li>- Tilstanden på delar av bygget er dårleg.</li> </ul>				

Byggnr.	Byggnamn	Oppført	Verneklasse	Omfang
9901213	<b>310122 Det hvite hus</b>	Ca.1912	1, fredning	Eksteriør med trappeanlegg og hage mot vest.

Merknad:

- Helse Bergen er i gang med å prosjektere nytt Barne og Ungdomssenter (BUS) i området der Det hvite hus ligg. BUS er det største og viktigaste prosjektet i arealplanen til Helse Bergen. Fredning av Det hvite hus inkl. hage/park mot vest, er i landsverneplanen det enkelttiltaket som klårast kjem i konflikt med føretaket sin arealplan. Føretaket meiner derfor Det hvite hus må rivast eller flyttast til ein annan stad. Parken rundt huset vil inngå i BUS. Vi viser her til reguleringsplan for området.
- Kledning, vindauge og dører vart malt i 2004. Det blei skifta ein del kledningsbord og lister rundt vindauge der desse var råteskada. I rapport frå 2004 vart det påpeika at det har vore problem med taktekinga på tilbygget. Ein del andre problem med yttertak blei også nemnt, men innanfor dei økonomiske rammene ein har i dag er det ikkje mogleg å prioritere utbetringane.

Byggnr.	Byggnamn	Oppført	Verneklasse	Omfang
9901202	<b>310130 Sentralblokken, hovudauditorium</b>	1983	1, fredning	Interiør, hovedauditorium i sin heilskap

Helse Bergen har ingen merknader

Byggnr.	Byggnamn	Oppført	Verneklasse	Omfang
9901210	<b>310136 Undervisningssenteret</b>	1938	2, bevaring	Eksteriør/ deler av interiør

Merknad:

- Vernet inkluderer inngangsparti, hovudinngang og trappehus i alle etasjar. Vi må gjere merksam på at ny dør vert sett inn som følgje av nødvendig branntiltak.
- Det har vore problem med lekkasjar på grunn av dårleg drenering i bakkant av bygget, samt manglande vedlikehald av ytterveggar og yttertak. Nokre mindre utvendige og innvendige tiltak er iverksett for å betre på noko, men svært mykje gjenstår. Nødvendig rehabilitering av yttervegger og yttertak, som bør gjerast dei nærmaste åra, vil koste fleire mill. kr. Skal vi bevare bygget sitt opphavlege uttrykk blir rehabiliteringa dyrare enn planlagt. Innanfor dagens økonomiske rammer har ikkje Helse Bergen moglegheit til å prioritere ein større rehabilitering av dette bygget. Vedlikehald og rehabilitering av bygg med pasientar må prioriterast før Undervisningsbygget.

Byggnr.	Byggnamn	Oppført	Verneklasse	Omfang
9901215	<b>Haukelandsbakken 2</b>	1898	2, bevaring	Eksteriør/interiør i sin heilskap

Merknad:

- Vi må gjere merksam på at sprinkelanlegg er installert i 2007. Dette var eit nødvendig brannsikringstiltak.
- Det er også gjort ei ombygging i kjellar i 2007.
- I åra som kjem er det i følgje tilstandsrapport behov for å gjere fleire utbetringar, men finansiering er ikkje avklart.

Byggnr.	Anleggsnamn	Oppført	Verneklasse	Omfang
	<b>Vern av delar av park og hageanlegg på HUS.</b>			
<p>Merknad:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- I tillegg til bygga som er nemnt på HUS omfatta vernet også gjenverande delar av opphavleg park og hageanlegg framfor Gamle hovudbygg og Kvinneklubben, inklusive hage for Overlegebolig. Vi må gjere merksam på Parkbygget, som allereie er oppført inkl. nye uteområder rundt bygget, er innanfor litt av hageanlegget som er skravert utanfor Gamle hovudbygg. Mesteparten av park og hageanlegg er bevart etter at Parkbygget er oppført.</li> <li>- Vi forutset at ordinært vedlikehald, til dømes på buskar og tre, kan utførast utan at det treng avklarast med Riksantikvaren. Dette vil også inkludere fagleg forklarte felling av gamle tre, som til dømes kan vere ein fare for tryggleiken</li> </ul>				

### Bygg i område sør, Askviksnes

Byggnr.	Byggnamn	Oppført	Verneklasse	Omfang
9901262 og 9901266	<b>320302 Gamle hovedbygg</b> <b>320306 Vaktmesterbod</b>	1899	1, freding 1, freding	Eksteriør/interiør Eksteriør
<p>Merknad:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- I Helse Bergen sin psykiatriplan er det konkludert med at institusjonen skal avvikle og funksjonar flyttast. Det er ikkje føremålstenleg at Helse Bergen skal fortsette å eige bygg og bruke midlar på bygg som ikkje skal brukast til helseformål. <u>Helse Bergen ber derfor om at ingen bygg på Askviknes blir omfatta av landsverneplan for spesialisthelsetenesta.</u></li> </ul>				

### Bygg i område sør, Kysthospitalet i Hagavik

Byggnr.	Byggnamn	Oppført	Verneklasse	Omfang
9901235	<b>310501 Hovedbygning</b>	1924-1973	1, freding	Eksteriør
<p>Merknad:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Den eldste delen er foreslått i verneklasse 1, freding. Den nyaste delen foreslått i verneklasse 2, bevaring. Hovudbygning inneheld avanserte funksjonar som til dømes operasjonsstover. Det gjer at det i framtida kan bli behov for å gjere tilpassingar på bygget for å drive effektiv sjukehusdrift. Helse Bergen ber derfor om at også den eldste delen blir plassert i verneklasse 2, bevaring. Vi reknar då med at det er litt større rom for å gjere tilpassingar i samråd med Riksantikvaren, enn om denne delen av bygget blir freda.</li> <li>- Tilbygg for ekstra operasjonsstover blir snart slutført.</li> <li>- Det er dei seinaste åra gjort utbetringar av yttertak og fasade inkl. utskifting av vindauge. Vi har lagt vekt på å ha same uttrykk på bygningsdelane som tidlegare.</li> </ul>				

Byggnr.	Anlegg	Oppført	Verneklasse	Omfang
	<b>Park- og hageanlegget/uteområdet</b> skal ein bevare og forvalte som ein heilskap.		1, freding	Utomhus
<p>Merknad:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vi kan opplyse om at det er utført nødvendig rassikringstiltak på området i 2007.</li> <li>- Vi forutset at ordinært vedlikehald, til dømes på buskar og tre, kan utførast utan å avklare det med Riksantikvaren. Dette vil også inkludere fagleg forklarte felling av gamle tre, som til dømes kan vere ein fare for tryggleiken.</li> </ul>				

Byggnr.	Byggnamn	Oppført	Verneklasse	Omfang
9901239	<b>310503 Hytte v/søsterheimen</b>	1930	1, freding	Eksteriør/interiør
Helse Bergen har ingen merknad				

Byggnr.	Byggnamn	Oppført	Verneklasse	Omfang
9901241	<b>310505 Kraftstasjon</b>	1930	1, freding	Eksteriør/interiør
Merknad: - Reservekraftaggregat frå 1980-talet, som står i rommet ved sida av sjølve kraftstasjonen, skal byttast ut for å få til ein heilt nødvendig auke på reservekraftforsyninga. Vi føreset at aggregatet frå 1980-talet ikkje er omfatta av freding.				

Byggnr.	Byggnamn	Oppført	Verneklasse	Omfang
9901243	<b>310507 Lager/verksted</b>	1926	1, freding	Eksteriør
- Helse Bergen har ingen merknad bortsett frå at tilstanden på bygget er dårleg. På grunn av dagens bruk og behov er det ikkje planar om å rehabilitere bygget.				

Byggnr.	Byggnamn	Oppført	Verneklasse	Omfang
9901244	<b>310508 Naust</b>	1926	1, freding	Eksteriør
Merknad: - Bygget datt ned på 1960-talet, men vart sett opp igjen.				

### Forslag til vedtak:

Styret i Helse Bergen sluttar seg til merknadene til landsverneplanen gitt i saksframlegget.

Vedlegg:

1. Brev datert 19. februar 2008 frå Det kongelige helse- og omsorgsdepartement.
2. Den delen av forslag til landsverneplan som omtalar bygg og anlegg innanfor Helse Bergen.